

Voss kommune
Postboks 145
5701 Voss

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vedr. Saknr. 16-00239 Dokumentnr. 16-00239-1

Dette brevet er godkjent elektronisk i Voss kommune og sendt deg gjennom SvarUt som er kommunane si felles løysing for digital utsending av dokument til innbyggjarar og næringsliv.

Til deg som mottek brevet på papir, veit du at du kan motta brev i innboksen din i Altinn, og at du då mottek brevet med det same det er ferdig?

Dersom du loggar deg inn på www.altinn.no og registrerer mobilnummer og epost, vil du motta varsel på sms og epost når Voss kommune sender brev til deg - og straks etter kunna lesa brevet i Altinn.

Med venleg helsing

Voss kommune



Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Samferdsleavdelinga
Vegseksjonen – SAMF avd

Søknad om å bli "Trafikksikker kommune"

Søknad om å bli «Trafikksikker kommune»

Voss kommune skal vere ein trygg og god stad å bu for alle, små og store, unge og gamle. Kommunen er stor og langstrekt i alle retningar. Dette fører til at dei aller fleste vossingane, stort sett kvar einaste dag, har eit tilhøve til trafikk på ein eller annan måte. Det går sterkt trafikkerte ferdselsårar gjennom kommunen i alle retningar. Sett i ljøs er dette er det særst viktig å ha fokus på trafikktryggleik.

Voss kommune har hatt trafikksikringsplan (TS-plan) sidan 2003. Gjeldande plan vart vedteken i november 2011. Den vart revidert i januar 2012 og gjekk til 2015. Planen er no under rullering. I samband med TS-planen er det også utarbeidd ein eigen sykkelplan. Ved siste rullering av kommuneplanen sin arealdel (KPA) vart det utarbeidd eit kart, med tekstdel, for hovudnett for sykkel i, og rundt dei sentrumsnære områda i Voss. Det er lagt vekt på å finne samanhengande løysingar for strekningane mellom Vangen, Skulestadmo, Palmafossen, Vangen. Dette ligg som vedlegg til KPA 2015-2026, og syner kvar det er viktig å få på plass eit tryggare tilbod for mjuke trafikantar.

For vel to år sidan opna Vangstunnelen. Det har ført til mindre trafikk med store køyrety, men også mindre biltrafikk generelt gjennom Vangen. Likevel er det tett trafikk gjennom Vangen sentrum både morgon og ettermiddag.

I arbeidet med Vossapakko er det i gang planer om å legge betre til rette for trafikken langs gamle E16 gjennom sentrum. I dette arbeidet er det særleg viktig å legge vekt på trygge tilhøve for born og unge som har denne strekninga som del av sin dagleg skuleveg.

På dei tre skulane som ligg på sørsida av Uttrågata (E16 og fv. 13), Vangen skule, Voss ungdomsskule og Voss gymnas, er det til saman 1100 elevar. Det betyr at det morgon og ettermiddag er om lag 1100 elevar som må krysse, eller gå langs, Uttrågata for å kome seg til og frå skulen.

I tillegg er det i området rundt skulane dei fleste utøver fritidsaktivitetar. Det aller meste som er knytt til sport og idrett, har treningsområde her. Men også dei som har kultur og musikk som fritidsaktivitet, må krysse eller gå langs Uttrågata, for å kome til aktivitetsområdet. Dette syner at her er det utruleg viktig å jobbe målretta for å betre trafikktryggleiken og for å hindre at det skjer ulukker.

Det er liknande trafikksituasjonar i tilknytning til dei andre skulane i kommunen.

I tillegg til dei tiltak som er lista opp i TS-plan og sykkelplan, vert det også gjennomført mange tiltak for auka trafikktryggleik i skular og barnehagar i Voss kommune.

Ofte er slike tiltak gjennomført i samarbeid med Statens vegvesen, Politiet, ambulansetenesta, Voss brannvern, Trygg Trafikk, Norsk Lastebileigar forbund, helsestasjonen og Kultur og fritid (SLT, ungdomsarbeidarar og folkehelse).

| Postadresse | Besøksadresse | Telefon | Foretaksregisteret | Side |
|--------------|----------------------------|-------------|--------------------|--------|
| Voss kommune | Uttrågata 9, Voss | 56 51 94 00 | 960510542 | 1 av 2 |
| Postboks 145 | E-post | | Bankkonto | |
| 5701 VOSS | postmottak@voss.kommune.no | | 3201 46 70954 | |

Det vert også gjennomført foreldremøte med tema trafikktryggleik, også her er det gjerne i samarbeid med politi og vegvesen.

På 9. trinnet vert det årleg gjennomført ein eigen trafikkdag med fokus på trafikktryggleik.

Fokusveke på alkohol i trafikken vert arrangert for eldre elevar, gjerne i samband med russefeiring.

Det er også samarbeid med politi i samband med promillekontrollar ei veke for året.

Søknaden om å verte «Trafikksikker kommune» er eit ønskje om at alt godt arbeid med trafikktryggleik skal kome inn i meir organisatoriske former. At det skal skapast rutinar som fangar opp og systematiserer gode tiltak som er med på å fremje trafikktryggleiken i kommunen. Det er viktig å få gode tiltak inn i årsplanar på helsestasjonen og i dei ulike barnehagar og skular. I rettleiaren til «Trafikksikker kommune» er det også peika på kor viktig det er at alle etatar i kommunen er delaktige for å få til eit godt resultat.

Innsats frå alle desse områda vil vere med på å skape forventingar om aktivitetar som fremjar trafikkforståing og trafikkopplæring i Voss kommune.

Vi håpar at de ser Voss kommune som ein interessant og naturleg samarbeidspartnar når det gjeld trafikktryggleik, og tek oss med vidare på vegen mot ein «Trafikksikker kommune»

Med helsing
Voss kommune

Torbjørge Austrud
Kommunalsjef tekniske tenester